



Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 5557 2155

Trekker motsegn - Reguleringsplan - Kvinnherad 131/4 og 123/13 - detaljregulering for turistanlegg Uskedalen - planID 20220004

Vi viser til e-post frå Kvinnherad kommune av 29.05.2024. Saka gjeld oversending av reviderte føresegn om detaljregulering for turistanlegg Uskedalen - planID 20220004. Kommunen ber i e-posten om ny vurdering av våre motsegn til planforslaget.

I vårt brev av 21.03.2024 vart det fremja motsegn til planforslaget:

- «Statsforvaltaren fremmar motsegn til at planen opnar for etablering av strandpromenade, utfylling i sjø og andre tiltak i areal sett av til LNF /Bruk og vern av sjø og vassdrag innanfor omsynssone (H560_17) for bevaring naturmiljø i kommuneplanen.
- Statsforvaltaren fremmar motsegn til at planen opnar for dropin/døgnplassar på friområdet i areal sett av til LNF-formål innanfor omsynssone (H560_17) for bevaring naturmiljø langs Uskedalselva i kommuneplanen.

Planforslaget bryt med overordna plan og statlege interesser og føringar for planlegginga. Grunngevinga for motsegna elles går fram av vurderinga ovanfor. Vi ber om at Kvinnherad kommune som planstyresmakt legg dette til grunn for det vidare arbeidet med planen.»

I dei reviderte føresegnene opnar planen ikkje lenger for etablering av strandpromenade, utfylling i sjø og andre tiltak i areal sett av til LNF /Bruk og vern av sjø og vassdrag innanfor omsynssone (H560_17) for bevaring naturmiljø i kommuneplanen. Planen opnar heller ikkje lenger for «dropin»/døgnplassar på friområdet i areal sett av til LNF-formål innanfor omsynssone (H560_17) for bevaring naturmiljø langs Uskedalselva i kommuneplanen.

Dersom endringane i føresegnene, slik dei er oversendt oss i e-post frå Rune Helland den 29.05.2024 vert tekne inn i planforslaget, har Statsforvaltaren ikkje lenger motsegn som hindrar at kommunen kan vedta planen.



Vi takkar elles for god dialog i denne saka.

Med helsing

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
fung. kommunaldirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent